



Lindås kommune ved eignedom drift

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/27 - 17/8414

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

15.03.2017

## Etterlyser status installering av nytt utskiljaranlegg ved Knarvik sjukeheim - gbnr 188/359, Gjervik Ytre Gjervik. Førehandsvarsel om tilsyn

Teknisk drift etterlyser status installering av nytt utskiljaranlegg ved Knarvik sjukeheim – gbnr 188/359.

Teknisk drift minner om at nytt anlegg skal være godkjent av oss. Denne godkjenninga skal ligge føre før rørleggar sender inn bestilling av nytt anlegg. Krav til godkjenning av anlegg gjelder også når bedriften har fått pålegg om å bytte ut eksisterande anlegg. Rørleggar skal derfor sende inn registreringsmelding/søknad for godkjenning. Registreringsmeldinga/søknaden skal sikre at anlegg som vert installert og knytt på kommunalt leidningsnett har tilstrekkeleg kapasitet. Berekningsgrunnlag for val av størrelse vert lagt til grunn for godkjenninga. Dersom det i ettertid viser at nytt anlegg har for liten kapasitet, kan det verte krevd installering av større anlegg. Berekningsgrunnlag bør derfor ta høgde for fremtidig økning i produksjon.

### **Kommentarar til årsrapport 2016:**

Årsrapport for 2016 er mangelfull. Det er dokumentert at det er utført 1 tømning av anlegg i 2016. Utskiljaranlegg skal tømast 3-12 gonger i året (*jmf* forskrift for fettutskiljar Lindås kommune). Tømmefrekvensen avhenger av størrelse på anlegg og produksjon ved bedriften. Tømmefrekvens vert avgjort av Teknisk drift. Ut i frå tidlegare innsendt dokumentasjon, størrelse på anlegg og produksjon ved kjøkkenet, vil normal tømmefrekvens for eksisterande anlegg være minimum 6 gonger per år. Det er ikkje levert inn temperaturlogger for 2016.

Av tidlegare innsendte temperaturlogger ser vi eit anlegg som ikkje fungerer. Anlegg viser temperatur mellom 30 og 40°C. Ved temperatur mellom 20 og 25°C vil anlegg få gradvis redusert effekt. Ved temperatur rundt 30°C slutter anlegget å fungere slik at alt fett vert ført ut på kommunalt leidningsnett. Fett skader leidningsnett/renseanlegg og påfører Teknisk drift store vedlikehaldskostnader. I tillegg kan fett medføre tilbakeslag av fetthaldig avløpsvatn/ kloakk i bygg. Vi gjer merksam på at Teknisk drift ikkje har ansvar ved slike hendingar. Den einsskilde huseigar må sjølv sørge for og påkoste utbetring av skadane.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Gode drifts-, vedlikehalds- og rapporteringsrutiner vil redusere behov for tilsyn frå Teknisk drift. Ved årsrapportering skal den einskilde anleggseigar dokumentere at utskiljaranlegg overheld krav til utslepp og at anlegg får nødvendig tilsyn og vedlikehald.

Teknisk drift skal ved gjennomgang av årsrapportene vurdere kvart enkelt anlegg for å finne ut korleis desse fungerer. Rapportene gir òg grunnlag for å vurdere om det er behov for å utføre tilsyn av anlegg eller om Teknisk drift skal pålegge bedriften om å setje i gong tiltak for å redusere utslepp av fetthaldig avløpsvatn.

**Førehandsvarsel om tilsyn:**

Teknisk drift gir eit førehandsvarsel om muleg tilsyn. Førehandsvarslinga er gitt iht forvaltningslova § 16. Tidspunkt for tilsyn vil verte varsla i eget vedtaksbrev.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Einingsleiar Teknisk drift

**Mottakarar:**

Lindås kommune ved eigedom drift